

Frå:

Vestland fylkeskommune  
Bergen kommune  
Regionrådet Nordhordland / Region Nordhordland  
Bergen Næringsråd  
Nordhordland Næringslag  
E39-utvalet i Sogn og fjordane

Til:

Samferdselsminister Jon-Ivar Nygård  
Transport- og kommunikasjonskomiteen v/ leiar Erling Sande  
Finanskomiteen v/leiar Eigil Knutsen  
Vegdirektoratet / Statens vegvesen  
Samferdselsdepartementet  
Hordalandsbenken

---

### **Vedr. stans i planarbeidet for E39 Klauvaneset - Vågsbotn**

***Det er uakseptabelt at manglende planleggingsmidlar og prioritering i Statens Vegvesen (SVV) skal utsetja ny veg mellom Vågsbotn og Klauvaneset i mange år!***

1. Me viser til eit utal av skriv og møte som har vore med tanke på ny veg mellom Vågsbotn og Klauvaneset sidan 1994 då Nordhordlandsbrua stod ferdig. Bl.a. skriv til Samferdsleminister frå Regionrådet Nordhordland datert 17. februar 2022 (vedlegg).
2. E39 Klauvaneset - Vågsbotn er innfartsvegen til Bergen frå nord og ny veg er kritisk nødvendig å få på plass. Vegen har ein ÅDT opp mot 30 000 og med særsmale mange på- og avkjøyrslar og potensielle ulukkespunkt. Her er blanda trafikkgrupper, mykje tungtrafikk og anna biltrafikk, gåande og syklande og vegen har mange overgangar, av- og påkjøyrslar og lysreguleringar. Vegen er utrykkingsveg til / frå Nordhordland for nødetatane, og med lange køar og hyppige ulukker, er farens stor for at utrykkingskjøretøy ikkje vil koma fram.
3. Prosjektet er sterkt ønsket av Vestland fylkeskommune, Bergen kommune og kommunane nord for Bergen, og ikkje minst av alle innbyggjarane som bur langs traseen og kjenner på problema kvar einaste dag. Prosjektet er klart for oppstart av reguleringsplan, og Bergen kommune og Vestland fylkeskommune har fatta vedtak om at strekka Klauvaneset-Vågsbotn skal prioriterast som første del av utbygginga av Ringveg øst, og at det er viktig å sikra tilstrekkeleg framdrift i planarbeidet for denne strekka.
4. Vegen er hovudpulsåre i trafikken mellom Bergen og kommunane nordover, og er del av felles bu- og arbeidsmarknad i Bergensregionen. Næringsområdet i og omkring Mongstad og Fensfjorden er særsmale viktig for heile regionen og fylket, og hamnene her er av dei mest trafikkerte i Norge og Nord Europa. Heile næringslivet /-området står overfor ei storstilt grøn omstilling, og skal ein lukkast med dette, er ein avhengig av moderne infrastruktur.

Vegen er hovudåra mellom Kristiansand og Trondheim, og er også hovudåra som bind saman det nye Vestland fylke. Her står trafikken og stampar kvar morgon og ettermiddag med ein ÅDT på Nordhordlandsbrua på 20 000 og med 25 000 på Haukås. Avfallsbilane til

Bergenområdets Interkommunale Renovasjonsselskap (BIR) stoppar faktisk på E39 langs Hylke for å samla inn hushaldningsavfall.

5. Prosjektet var eitt av fem som vart tatt inn i Stortinget si handsaming av NTP 2022-2033. I komitéarbeidet prioriterte regjeringspartia (H, Krf, V) prosjektet inn i NTP i tillegg til øvrige prosjekt frå Regjeringa. Prosjektet hadde brei støtte i Stortinget då også Ap, Sp og Frp prioriterte prosjektet i sine alternative forslag.
6. Det er avgjerande viktig at reguleringsplanen for prosjektet kjem i gang tidleg i 2023, noko Bergen kommune er innstilt på. SVV har no uttalt at posten til planmidlar er redusert, og at det er vanskeleg å prioritera inn oppstart av nye planer. SVV ønskjer å utsetja oppstarten til siste periode 2028-2033, og dermed også skyva planleggingsmidlar mange år ut i tid. For alle dei som har kjempa for ny veg mellom Klauvaneset og Åsane heilt sidan Nordhordlandsbrua sto ferdig i 1994, betyr dette at dei tidlegast kan håpa på at vegprosjektet kan vera på plass i 2035! Det same gjeld for alle innbyggjarane i Bergen som bur langs strekka.
7. Det har sidan 1994 vore lagt ned enormt med arbeid og ressursar for å få ei betre og meir framtidsretta løysing på plass mellom Klauvaneset og Vågsbotn. No er prosessen og prosjektet kome så langt at det vil vera totalt uakseptabelt for kommunane, næringslivet og ikkje minst innbyggjarane langs strekka dersom prosjektet vert skyvd endå lengre ut i tid. Me ber derfor om at NTP-intensjonen frå eit stort fleirtal på Stortinget, vert følgd opp med planleggingsmidlar til reguleringsarbeid i 2023.
8. Me ber samferdsleministeren og transportkomiteen følgje opp den massive støtta og det store fleirtalet som er for prosjektet, og at det får ein snarleg oppstart slik det gjekk fram i handsaminga av NTP.

**Bergen / Knarvik, 29. november 2022**

Med venleg helsing

- Byrådsleiar Rune Bakervik, Bergen kommune
- Fylkesordførar Jon Askeland, Vestland fylkeskommune
- Regionrådet i Nordhordland
  - Ordførar Karstein Totland, regionrådsleiar og ordførar i Masfjorden kommune
  - Ordførar Sara Hamre Sekkingstad, Alver kommune
  - Ordførar Per Lerøy, Austrheim kommune
  - Ordførar Stian Herøy, Fedje kommune
  - Ordførar Hallvard Oppedal, Gulen kommune
  - Ordførar Kjetil Eikefet, Modalen kommune
  - Ordførar Lars Fjeldstad, Osterøy kommune
  - Ordførar Hege Eide Vik, Vaksdal kommune
- E39-utvalet i Sogn og fjordane
- Administrerande direktør Marit Warncke, Bergen næringsråd
- Dagleg leiar Baste Tveito, Nordhordland næringslag
- Dagleg leiar Rune Heradstveit, Region Nordhordland IKS (sakshandsamar)